



# Innst. O. nr. 40

(2004-2005)

## Innstilling til Odelstinget fra justiskomiteen

Ot.prp. nr. 24 (2004-2005)

### **Innstilling fra justiskomiteen om lov om endringer i lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp**

Til Odelstinget

#### **SAMMENDRAG**

##### **Om hovudinnhaldet i proposisjonen**

Justisdepartementet legg her fram forslag om gjeninnføring av eigendel i lov om fri rettshjelp. Forslaget er omtalt i St.prp. nr. 1 (2004-2005) under kap. 470 Fri rettshjelp.

Departementet foreslår at dei som får fri rettshjelp i behovsprøvde saker skal betale eigendel. I saker som ikkje går for domstolane (fritt rettsråd), foreslår departementet at eigendelen tilsvarar ein fast sum (grunnbeløp). I saker som går for domstolane (fri sakførsel) ser departementet for seg at ein skal betale eigendel på 25 pst. av kostnadene i saka, men med eit tak, slik at den totale eigendel ikkje overstig fem gonger grunnbeløpet. Grunnbeløpet bør etter departementet sitt syn vere lik timesatsen som det offentlege betaler rettshjelpa med (salærsatsen), eksklusiv meirverdiavgift.

Departementet foreslår ei inntektsgrense for å betale eigendel på kr 100 000.

Forslaget inneber at den advokat som har ytt rettshjelpa skal stå for innkrevjing av eigendelen.

##### **Framlegg om lovendring om eigendel**

###### **Innleiing**

Ordninga med eigendel blei innført 1. januar 1997. I Innst. O. nr. 67 (2001-2002) kom fleirtalet i Stortinget sin justiskomiteé derimot til at ordninga med eigendel ved fri rettshjelp blei oppheva. Etter dette fall eigendelsordninga i lov om fri rettshjelp

bort 1. september 2003. Personar med ei årleg brutto årsinntekt under 230 000 kroner kan no, utan sjølv å bli påført kostnader, få fri rettshjelp i saker som høyrer inn under rettshjelpslova.

##### **Departementet sitt framlegg i høyringsbrevet**

I samsvar med justiskomiteen sine utsegn i Innst. S. nr. 181 (1999-2000), meiner departementet at ein treng ei ordning med eigendelar. Ordninga med fri rettshjelp utan eigendel har no eksistert i eit år. Tal frå staten sine rekneskap indikerar ei auking i utgiftene på om lag 25 pst. i den del av utgiftene som knyter seg til dei behovsprøvde sakene under kap. 470 i statsbudsjettet. Av omsyn til behovet for å prioritere knappe ressursar og for å få større kontroll med utviklinga av utgiftene, foreslår departementet å gjeninnføre eigendelar på den delen av fri rettshjelp som er behovsprøvd.

Departementet finn at dei beste grunnar talar for at eigendelen må vere eit forutsigbart beløp. Departementet foreslår at det i fritt rettsrådssaker skal betalast ein fast eigendel tilsvarande ein grunnbeløp. I saker med fri sakførsel ser departementet for seg at det skal betalast ein eigendel på 25 pst. av kostnadane i saka, men med eit tak, slik at den totale eigendel ikkje overstig fem gonger grunnbeløpet.

Den offentlege salærsatsen er pr. i dag 770 kroner. Etter departementet sitt syn er det naturleg å knytte eigendelen på fri rettshjelp til den offentlege salærsatsen. Med ein eigendel (grunnbeløp) lik salærsatsen betaler klienten sjølv i realiteten den første timen med advokathjelp. Klienten skal ikkje betale meirverdiavgift av eigendelen. Departementet vil leggje til rette for at eigendel kan bli kravd inn på forskot.

Departementet meiner innføring av moderate eigendelar slik som foreslått ikkje representerer rettsnekting for dei borgarar som ønskjer ei rettslig prø-

ving av saka si for domstolane. Ved ei omprioritering av ressursane som i dag medgår til fri rettshjelp, er det sjølvsagt viktig å ta omsyn til dei med minst ressursar. Departementet vil hevde at eigendelsordninga som er foreslått er rimeleg, og ikkje fører til ei vesentleg auka byrde for disse.

Ut frå det som er kome fram i høyringsrunden, held departementet fast ved framlegget i høyringsbrevet. Ved utforminga av forslaget om gjeninnføring av eigendelar på fri rettshjelp, legg departementet vekt på at ordninga skal vere enkel for brukarane og rimeleg å administrere. Bruk av eigendelar med dei beløp det her er tale om vil neppe bli oppfatta som urimeleg av det rettsøkjande publikum.

### ***Om inndriving av eigendel***

I høyringsbrevet blei det gjort framlegg om at advokatane bør stå for utrekning og innkrevjing av eigendelane. Eit sentralt omsyn bak forslaget er ønsket om ei kostnadseffektiv eigendelsordning. Fleire høyringsinstansar, til dømes Den Norske Advokatforening og Forbrukarrådet, meiner at inndriving av eigendelane bør vere ei offentleg oppgåve.

Departementet held fast ved at det er den beste løysinga at advokatane står for innkrevjinga av eigendelen. Departementet kan vanskeleg sjå kvifor ein advokats innkrevjing av ein moderat eigendel i fri rettshjelpssaker skal stå i ei anna stilling enn innkrevjing av salær generelt.

I fri rettshjelpssaker, der det offentlege dekkjer salæret, vil advokaten si innkrevjing aleine gjelde eigendelen. I dei fleste sakene vil eigendelen berre bestå av grunndelen, dvs. salærsatsen, som advokaten kan krevje inn samstundes med at han/ho tek på seg oppdraget. Departementet legg til grunn at sjølv ressursvake klientar vil kunne klare å forskotsbetala ein eigendel tilsvarende en gong den offentlege salærsatsen.

### ***Om inntektsgrensa for å betale eigendel***

I høyringsbrevet blei det gjort framlegg om at inntektsgrensa for kven som skal betale eigendel blei satt til 100 000 kroner. Fleire høyringsinstansar har teke opp spørsmålet og meiner at den foreslåtte inntektsgrensa er for låg.

Departementet har merka seg synspunkta, men ut frå kostnadsomsyn, finn ein likevel å helde fast ved framlegget om ei inntektsgrense på 100 000 kroner.

### ***Økonomiske og administrative følgjer***

Ei gjeninnføring av eigendelar på fri rettshjelp vil føre til ein reduksjon av utgiftene til fri rettshjelp og fordrar ikkje noko inntektskapittel. Med eit definert nivå på eigendelen i form av grunndel og multiplikator, og eit innkrevjingssystem som nemnt, har depar-

tementet rekna ut at utgiftene på kap. 470 blir redusert med om lag 58 mill. kroner.

Da eigendelane blei oppheva 1. september 2003, blei det lagt til grunn at domstolane ville få meir å gjere og kap. 410 blei av den grunn auka med 5,7 mill. kroner. Ved ei gjeninnføring av eigendelar, må det skje ein reduksjon i dette kapittelet. Det er tatt høgde for dette i St.prp. nr. 1 (2004-2005), jf. omtalen av kap. 410 om Tingrettene og Lagmannsrettene.

## **KOMITEENS MERKNADER**

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Gunn Karin Gjøl, Anne Hellen Rui og Knut Storberget, fra Høyre, lederen Trond Helleland, Linda Cathrine Hofstad og Ingjerd Schou, fra Fremskrittspartiet, Jan Arild Ellingsen og André Kvakkestad, fra Kristelig Folkeparti, Einar Holstad og Finn Kristian Marthinsen, og fra Sosialistisk Venstreparti, Inga Marte Thorkildsen, viser til den fremlagte proposisjonen om endringer i i lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp. Komiteen viser til sine merknader i Budsjett-innst. S. nr. 4 (2004-2005) kap. 470 om innføring av egenandeler på fri rettshjelp.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Kristelig Folkeparti viser til sine merknader om fri rettshjelp i Budsjett-innst. S. nr. 4 (2004-2005). Det fremgår av denne innstillingen at disse medlemmer støtter forslagene i Ot.prp. nr. 24 (2004-2005). Følgende begrunnelse for dette gis i budsjettinnstillingen:

"Komiteens medlemmer fra Høyre og Kristelig Folkeparti viser til at departementet foreslår å gjeninnføre egenandeler på behovsprøvd fri rettshjelp av hensyn til behovet for å prioritere knappe ressurser og for å få en mer forutsigbar utgiftsutvikling hva gjelder fri rettshjelp. Disse medlemmer viser videre til at departementet mener at moderat bruk av egenandeler ved behovsprøvd fri rettshjelp ikke vil medføre at personer vil lide rettstap som følge av manglende økonomisk evne. Disse medlemmer vil fremheve at egenandelsbetaling er vanlig ved en rekke offentlige velferdsordninger. På denne bakgrunn støtter disse medlemmer forslaget om innføring av egenandeler på fri rettshjelp slik det er beskrevet i budsjettproposisjonen.

Disse medlemmer ber departementet foreta en gjennomgang av hele rettshjelpsordningen med sikte på å bedre rettshjelpstilbudet. Det er særlig ønskelig at man vurderer egenandelsbetalingen opp mot den finske modellen for betaling av egenandel."

Disse medlemmer viser for øvrig til den begrunnelse som gis i proposisjonen.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil understreke at fri rettshjelp er en offentlig velferdsordning og at inndrivelse av egenandeler ved fri rettshjelp bør være det offentliges oppgave. Det er ikke rimelig at advokater skal bære utgiftene og risikoen ved den manglende betalingsdyktigheten til de personer som får fri rettshjelp.

Disse medlemmer er bekymret for at mange advokater vil si fra seg slike saker på grunn av usikkerheten ved betalingen og ekstraarbeidet knyttet til inndrivelsen. Dette vil svekke ordningen, og bidra til en dårligere rettssikkerhet for de som minst kan hevde sin rett i vårt samfunn.

Disse medlemmer vil vise til at en av grunnene til at egenandelene ble fjernet var de betydelige kostnadene knyttet til inndrivelsen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til sine merknader under sitt alternative budsjett i Budsjett-innst. S. nr. 4 (2004-2005), hvor Fremskrittspartiet nuller ut egenandelen på fri rettshjelp. Disse medlemmer vil videre vise til sine merknader i innstillingen fra justiskomiteen i forbindelse med behandlingen av Ot.prp. nr. 91 (2003-2004).

Disse medlemmer viser dog til budsjettavtalen mellom Fremskrittspartiet og regjeringspartiene i Budsjett-innst. S. nr. 4 (2004-2005), og støtter derfor subsidiært innstillingen fra regjeringspartiene.

## KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og råar Odelstinget til å gjøre slikt

vedtak til lov

om endringer i lov 13. juni 1980 nr. 35  
om fri rettshjelp

I lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp blir det gjort følgende endringer:

### I

§ 3 andre ledd skal lyde:

For arbeid som betales av det offentlege *skal den som yter fri rettshjelp kreve inn egenandel fra klienten etter § 9. Det kan ikke kreves eller mottas ytterligere vederlag av klienten.*

Ny § 9 skal lyde:

*Mottaker av fri rettshjelp i behovsprøvde saker skal betale en egenandel av utgiftene til bistand etter denne lov. Egenandelen beregnes ut fra en grunnandel tilsvarende gjeldende salærsats for straffesaker og benefiserte saker.*

*Ved fritt rettsråd betales en egenandel tilsvarende grunnandelen.*

*Ved fri sakførsel skal det betales en egenandel på 25 pst. av utgiftene, men ikke mer enn 5 ganger grunnandelen.*

*Nærmere bestemmelser for beregning av egenandel fastsettes i forskrift.*

### II

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.  
Kongen kan gje nærmare overgangsreglar.

Oslo, i justiskomiteen, den 9. desember 2004

**Trond Helleland**  
leder

**Gunn Karin Gjøl**  
ordfører